



Avkøyrsløsesaken her i Beinavikjo er enno ikkje løyst

**Saka om avkøyrsløse til kommunal veg i Beinavikjo er ikkje ferdighandsama og kommunen listar opp ein del tekniske innvendingar Mellom anna er kommunen usikker på om det er lagt overvassleidning med tilstrekkeleg kapasitet i fellesgrøft med spillvatn i området.**

Då det ligg fleire sandfangkummar langs grøftetraseen er det grunn til å tru at desse er knytt til ein større overvassleidning. Det er utbyggjaren sitt ansvar å føra fram og kopla på overvassleidning frå tomter fram til kommunal overvassleidning med tilstrekkeleg dimensjon, påpeikar kommunen. Kommunen ved tekniske tenester skal godkjenne løysinga.

Hvis det er for liten dimensjon på den kommunale leidninga må utbyggjaren rekna med anleggsbidrag i forhold til oppgradering av kapasiteten på leidningsnettet.

Ellers vil det vera eit krav at det vert sett ned kum med rist på oppsida og nedsida av avkøyrsla. Alt overvatn må samlast og førast inn i overvassleidningar. Kommunen har grunn til å tru at det går ein leidning over den eine tomte men dei er litt usikre på traseen.

Denne kan flyttast hvis den kjem i vegen for utbyggjar, det kan hende den må fjernast, men det må undersøkjast nærmare. Kommunen vil vera med på ei synfaring når arbeidet skal starta opp for å diskutera løysingar for leidningsnettet.

Utbyggjaren må søkja vegvesenet om utvida bruk av avkøyrsløse mot fylkesvegen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen